



BKK NETT AS
Postboks 7050
5020 BERGEN
Att. Ingvard Jordal

Vår dato:

12.05.2021

Vår ref:

2021/4775

Dykkar dato:

22.03.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Løyve - Fysiske tiltak i vassdrag - 22 kV høgspentkabel - kryssar elv – Seim i Alver kommune

BKK Nett AS får løyve til å krysse elva frå Seimsvatnet med nedgraven høgspentkabel. Løyvet er gjeve med heimel i § 1 forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Vi viser til søknad av 22. mars 2021.

Bakgrunn

Mykje av 22 kV distribusjonsnettet på Seim er lagt i kabel, og det står no att to spenn med linje. I samband med eit bustadfelt i Fuglevikvegen må det eine spennet leggjast om. BKK Nett ønskjer å fjerne det siste spennet òg. For å gjennomføre det, må kabelen krysse elva. Kabelen skal gå i grøft gjennom nedre del av bustadfeltet mot sjøen, og krysse elva nær utløpet. Kabelen går vidare i borehol parallelt med/under fylkesveg 5472 opp til kommuneveg 1164, der kabelen vert skøyta på eksisterande kabel.

Elvekryssinga er einaste staden der vassdraget vert påverka. Kantvegetasjonen langs vassdraget vert i liten grad påverka. Der det skal gravast inn mot elva, vil torv bli lagt til side og lagt tilbake etter graving. Det skal gravast ned ein trykksterk PE-slange over elva, som kabelen vert trekt i. Elvebotn over slangen vert bygd opp att med stein og lausmassar som er fjerna. Det er vurdert at stadeigen masse vil vere tilstrekkeleg, om det må køyrast til massar, skal desse vere reine. Ev. tilkøyrd massar vert lagt oppå kabelen, stadeigen masse blir då brukt som topplag. Elvebotn vil, så langt det lar seg gjere, få same høgde og utforming som før tiltaket. Det blir minimum 0,6 meter dekke. Graving i elva vert lagt til ein dag utan regn, for å redusere avrenning.

Det er skrive grunnavtale med grunneigar på gbnr. 172/4 om trase for kryssing.

Andre instansar

Vi minner om at tiltaket òg kan krevje avklaring etter anna lovverk, som plan- og bygningslova og vassressurslova.



Vår vurdering

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 omfattar informasjon frå søkjær, naturbase, erfaring frå liknande tiltak. Elva er anadrom innafor tiltaksområde. For å unngå mogleg negativ effekt på sjøaure, skal arbeidet i vassdraget skje etter at yngelen har kome opp av grusen, og før gytinga. Dette for å unngå at rogn og yngel i grus kan døy av oksygenmangel som følge av nedslamming. Om sprengstein må nyttast i prosjektet, og som har kontakt mot vatn, må desse massane vere reine. Dette for hindre mogleg avrenning av skarpe partiklar og sprengstoffrestar, som kan vere skadeleg for fisk.

Tiltaket er avgrensa, og vil ikkje føre til redusert miljøtilstand etter vassforskrifta.

Vedtak

BKK Nett AS får løyve til å krysse elva frå Seimsvatnet som planlagt, på følgjande vilkår:

1. De kan gjennomføre tiltaket i perioden juni-september.
2. Vert det nyttta sprengstein, skal denne vere rein før bruk i elva.
3. Elvebotn over kabelen skal tilbakeførast til naturleg stand.
4. Eksisterande kantvegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på (det kan gjerast enkle tiltak for å sikre tilgang til vassdraget).

Vi viser elles til den generelle plikta til å unngå forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følge.

Med helsing

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO